UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Universitetsleiinga
Arkivref: 2016/4758/JJO010
Dato: 16.11.2016

SAKSFRAMLEGG

Til:	Møtedato:	Sak:
Universitetsstyret	24.11.2016	

Organisering og finansiering av opptaket til masterprogrammet i økonomi og administrasjon (siviløkonom)

Innstilling til vedtak:

1. Det tas ikkje opp studentar til masterprogrammet i økonomi og administrasjon (siviløkonom) ved studiestadane i Harstad og Alta hausten 2017 grunna manglande finansiering
2. Universitetsstyret gir si tilslutning til at det opprettast eit pilotprosjekt for å utvikle eit felles masterprogram i økonomi og administrasjon (siviløkonom) uavhengig av studiestad, og innanfor ramma av det samla talet på studieplassar for studiet ved UiT. Det tas sikte på å gjennomføre fyrste opptak hausten 2018
3. Pilotprosjektet må finansierast innanfor dei eksisterande budsjettrammene til Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi

Grunngjeving:

Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi tilbyr eit 2-årig masterprogram i økonomi og administrasjon (siviløkonom) i Tromsø, Harstad og Alta. Den samla opptakskapasiteten for opptak til hausten 2016 var på 90 studieplassar fordelt på 40 i Tromsø, 30 i Harstad og 20 i Alta. Berre 30 av desse plassane er fullfinansierte. Oppbygginga av plassane i Alta blei i 2014 finansiert over tildelte SAKS-midlar, med sikte på ei permanent finansiering frå 2015 ved at ressursar som blei tilført Harstad skulle overførast til Alta. Fram til fusjonen mellom HiH og UiT tok HiH i all hovudsak kostnadane knyta til oppbygginga av plassane i Harstad, hovudsakeleg gjennom eksterne midlar og høgskulens eigne strategiske midlar. Etter fusjonen har det vore naturleg å sjå tilboda ved alle tre stadene i samanheng.

Då UiT si studieprogramportefølje for opptak til studieåret 2016/2017 var til behandling, ga fakultetet tilbakemelding til universitetsdirektøren om at det ikkje var mogleg å finansiere plassane i Harstad og Alta innanfor fakultetet si økonomiske ramme. Universitetsdirektøren understreka at det ikkje er ei god løysing å finansiere permanente studietilbod med eingongsmidlar, og at det ikkje finst ledige midlar som kan omdisponerast til desse plassane. Som ei førebels løysing blei det gitt ei midlertidig finansiering gjennom SAKS og universitetsstyret sine eigne strategiske midlar inntil ei permanent avklaring om organisering av programmet er på plass.

Då studieprogramporteføljen for inneverande studieår blei vedteken, fatta universitetsstyret følgjande vedtak i sak S 65/15 – Studieprogramporteføljen for studieåret 2016/2017 og fastsetting av opptaksrammer:

> *«Styret ber universitetsdirektøren legge frem en sak for styret om organisering og finansiering av Masterprogrammet i økonomi og administrasjon/siviløkonomistudiet.»*

BFE-fakultetet blei derfor bedt om å utarbeide ein plan for korleis studieplassane kan finansierast innanfor fakultet si økonomiske ramme innan 1. oktober 2016.
Universitetsdrektøren fekk den 30. september 2016 tilsendt ein plan for organisering og finansiering av masterprogrammet i økonomi og administrasjon, *sjå vedlegg*. Fakultetet har i si utgreiing skissert tre ulike alternativ for den vidare utviklinga av studietilbodet:

1. Behalde dagens tilbod som eigne fullverdige program både i Harstad og Alta
2. Nedlegging av masterprogrammet i Harstad og Alta
3. Opprette eit pilotprosjekt for å utvikle ein master uavhengig av studiestad

Nærare om dei ulike alternativa
Alternativ 1: Fakultetet meiner at det ikkje er mogleg å oppretthalde tilbodet innanfor master i økonomi og administrasjon og administrasjon i Harstad og Alta som i dag utan ei basisfinansiering i botn. Dei eksterne strategiske midlane som delvis har finansiert tilbodet i Harstad er brukt opp. I mangel av ei permanent finansiering har ein valt andre kortsiktige løysingar for å dekkje undervisningsbehovet. Fakultetet understrekar at fagkompetansen i Harstad er på eit høgt nivå, men at ein manglar kapasiteten som trengs for å drifte eit eige masterprogram innan økonomi og administrasjon. I Alta er fagmiljøet for lite for å kunne drifte eit tilbod både på bachelor- og masternivå. Dagens tilbod på masternivå har vore mogleg som følgje av utstrakt bruk av eksterne forelesarar og dels med støtte frå fagmiljøet i Tromsø i ei oppbyggingsfase. Fakultetet har gjennom fleire utlysningar gjort forsøk på å få på plass den nødvendige kompetansen i Alta, men dei har ikkje lykkast med å få kvalifiserte søkarar til stillingane.

Alternativ 2: I dette alternativet vurderer fakultetet at programma i Harstad og Alta må leggjast ned i sin noverande form utan ei permanent finansiering. Det vil ikkje bli tekne opp nye studentar, men dei som allereie er tenke opp får fullføre utdanninga si. Fakultetet meiner vidare at ei eventuell nedlegging vil frigjere ressursar til bachelorutdanningane begge stader. I tillegg vil ein kunne auke fokuset på det erfaringsbaserte masterprogrammet i leiing i Harstad. Ein negativ konsekvens av ei nedlegging kan vere at færre studentar søkjer opptak til bachelorprogramma i Harstad og Narvik. Fakultetet vurderer det også slik at opptaksramma i Tromsø ikkje kan aukast utan meir finansiering.

Alternativ 3: Fakultetet har sett nærare på mogligheita for å opprette eit pilotprosjekt kor ein utviklar eit masterprogram i økonomi og administrasjon som er uavhengig av studiestad. I denne modellen er ein avhengig av den totale fagstaben ved UiT, noko som gjer at det vil vere eit mindre behov for å leie inn eksterne forelesarar. Målet er å redusere geografiske barrierar mellom fagstaben og studentane. Fakultetet har allereie i haust prøvd å samkjøre undervisninga i Harstad og Alta for eit av emna - *BED-3044H og BED-3044F – Økonomi- og verksemdstyring.* Førelesningane gis i Harstad og overførast via Skype for Business til studentar i Alta. Slik meiner fakultet ein kan sikre overføring av kunnskap mellom studentane på ein god måte. Om ein ser på tvers av alle tre stader, er den samla fagkompetansen god. Det er denne kompetansen ein vil søke å utnytte, både for å sikre ein tilstrekkeleg kvalitet på mastertilbodet innan økonomi og administrasjon og for å svare på UiT sitt samfunnsoppdrag i regionen.

Fakultetet ser ikkje for seg store endringar av tilbodet i Tromsø, men dei ser ikkje bort i frå at også fagstaben i Tromsø kan støtte kurs på dei andre stadene.

BFE-fakultetet anbefaler at ein går vidare med alternativ 3 og at det utviklast eit pilotprosjekt over tre år (to kull), med fyrste opptak i 2017. Planen er eit opptak av 20 studentar per kull i pilotperioden og at fagmiljøet i Harstad som regel vil ha ansvaret for kurs som inngår i masterprogrammet. Studentar på masterprogrammet i økonomi og administrasjon i Alta og Harstad tas opp uavhengig av geografi og kan sjåast på som eitt kull. Pilotprosjektet tar sikte på å gi eit fullverdig tilbod utanfor Tromsø, samtidig som ein reduserer det totale kostnadsbiletet. Fakultetet anslår at ei løyving på 1,5 millionar per år er tilstrekkeleg. Midlane vil gå med til å dekkje to stillingar som kan ivareta dei faglege og administrative oppgåvene og eventuelle reiseutgifter mellom studiestadene.

Universitetsdirektøren sine vurderingar

Universitetsdirektøren har fleire gonger i denne saka understreka at det ikkje er ei god løysing å finansiere permanente studietilbod med eingongsmidlar. I planen frå fakultetet, gis det ikkje eit klart svar på korleis desse plassane skal kunne finansierast innanfor fakultetet si eksisterande budsjettramme, slik universitetsdirektøren opphaveleg bad om ei tilbakemelding på. Fullverdige program i Harstad og Alta vil i følgje fakultetet krevje ei betydeleg auke i finansieringa for å kunne tiltrekkje seg den ønska kompetansen. Slik situasjonen er no, finst det ikkje ledige midlar som kan omdisponerast til desse plassane. Universitetsdirektøren meiner derfor at det ikkje kan tas opp studentar på masterprogrammet i økonomi og administrasjon i Harstad og Alta hausten 2017. Om det eventuelt skal tas opp studentar til studiestadane i Harstad og Alta hausten 2017 må ein i tilfelle omdisponere nokre av dei plassane i Tromsø som allereie er finansiert.

Samstundes ønskjer universitetsdirektøren at fakultetet går vidare med planen om å opprette eit pilotprosjekt for å utvikle eit masterprogram i økonomi og administrasjon uavhengig av studiestad, og innanfor ramma av det eksisterande talet på studieplassar. Dette er i tråd med universitet sin strategi om auka fleksibilisering i studietilboda. Universitetsdirektøren vil derfor anbefale at det opprettast eit pilotprosjekt innan masterprogrammet i økonomi og administrasjon. Det understrekast at fakultetet må finansiere pilotprosjektet med midlar innanfor eigen budsjettramme. Fakultetet har foreslått å ha første opptak til piloten allereie hausten 2017. Universitetsdirektøren meiner at det fortsatt bør brukast noko meir tid på å utvikle pilotprosjektet, ikkje minst med omsyn til korleis prosjektet skal kunne finansierast innanfor dei eksisterande budsjettrammene. Universitetsdirektøren vurderer det også sånn at det bør leggast fram ei eiga sak for universitetsstyret når studieplanen for pilotprosjektet er ferdig utvikla. Fakulteta har frist til 1. oktober kvart år med å søkje om opprettingar eller endringar i eksisterande studieprogram. Det vil difor vere naturleg å sjå dette prosjektet i samband med innmeldinga av studieprogram for opptak til studieåret 2018/2019. Universitetsdirektøren legg derfor opp til at fyrste opptak gjennomførast hausten 2018.

Lasse Lønnum	Heidi Adolfsen
universitetsdirektør	studiedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev ikkje signatur

Saksbehandlar: Jørund Jørgensen, Avdeling for utdanning

Vedlegg:

1 Plan for organiseringa og finansieringa av opptaket til masterprogrammet i økonomi og administrasjon (siviløkonom)